

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF  
Dato: 21.03.2014  
Frå: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum  
Sakshandsamar: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum  
Saken gjeld: **Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest HF**

---

Styresak 17/14 (O)

Styremøte 03.04.2014

---

## Forslag til vedtak

Styret tar saka til etterretning og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Sjukehusapoteka Vest HF vil rapportere på Styringsdokument 2014 i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

## Oppsummering

Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest HF blei vedteke av føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 5. mars 2014.

I Styringsdokument 2014 har Helse Vest redusert talet på mål og rapporteringskrav i høve til tidlegare år. Dette betyr at styringsdokumentet ikkje gjer dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest, men utfyller og konkretiserer oppgåver som Sjukehusapoteka Vest skal legge vekt på og prioritere i 2014.

Etterføljande Sak 18/14 Risikostyring og Sak 19/14 Styringsmål for AD 2014 viser korleis Sjukehusapoteka Vest tenker å sikre leveranse i høve til styringskrav for 2014.

## Kommentar

Sjukehusapoteka Vest fekk overlevert Styringsdokument 2014 i føretaksmøte 5. mars 2014.

Gjennom styringsdokumentet gjer Helse Vest RHF Sjukehusapoteka Vest HF eit mest mogeleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2014. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammar som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaket.

I arbeidet med styringsdokument for 2014 har Helse Vest lagt vekt på å redusere talet på mål og rapporteringskrav. Desse oppgåvene må difor sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta sett i lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementets (HOD) oppdragsdokument for 2014 til Helse Vest RHF, styringskrav frå HOD formidla i føretaksmøte i Helse Vest RHF og helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 7. januar 2014. Helse Vest RHF legg til grunn at helseføretaka er kjend med og har sett seg inn i desse dokumenta. Sjukehusapoteka Vest sine vedtekter, tidligare styringskrav frå Helse Vest, Helse 2020 og Strategiplan 2011 – 2015 for Sjukehusapoteka Vest må og ligge til grunn for dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest.

Helse Vest vil ha følgjande hovudområder for styring og oppfølging i 2014:

- Samhandlingsreforma og samarbeid mellom profesjonar, verksemder og nivå
- Kvalitet og innhald i tenestene
- Utvikling av barne- og ungdomspsykiatrien
- Rekruttering og kompetanseutvikling
- Benchmarking og faglige revisjonar

De konkrete styringskrava i Styringsdokument 2014 for Sjukehusapoteka Vest er, utover økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, er helsefaglege styringskrav knytt til dei ovanfor nemnde hovudområder for styring og oppfølging;

- Aktivitet
- Tilgjengelegheit og brukarorientering
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Helseberedskap og forsyningstryggleik
- Personell, utdanning og kompetanse
- Forsking og innovasjon
- Opplæring av pasientar/ pårørande

Etterføljande Sak 18/14 Risikostyring og Sak 19/14 Styringsmål for AD 2014 viser korleis Sjukehusapoteka Vest tenker å sikre leveranse i høve til styringskrav for 2014.

### **Konklusjon**

Helse Vest gir tydelege og ambisiøse styringskrav til Sjukehusapoteka Vest i 2014, som vil utfordre organisasjonen ikkje minst i forhold til administrativ kapasitet i Sjukehusapoteka Vest sett opp mot dei andre helseføretak. Det er derfor viktig at styret gir innspel til om prioriteringar og fokusområde for oppfølging i nemnde Sak 18/14 og Sak 19/14 synast riktig og realistisk.

### Vedlegg

Vedlegg 1 – Vedteke Styringsdokument 2014 for sjukehusapoteka Vest

Vedlegg 2 – Protokoll frå føretaksmøte i Helse vest RHF 7. januar 2014

Vedlegg 3 – Helse og omsorgsministerens tale til sjukehusa 7. januar 2014